

Lokalhistorisk nemnd:

Reidunn Stafsnes, Lasse Vie, Malmfrid Stang.

Årsrapport for 2013.

Nemnda har teke ansvar for å halde det ryddig rundt informasjonssenteret Baden og trafokiosken.

Synfaringar ved Malmfrid:

5. juni. Gjekk rundt i bygda med bamseforfattaren Rutledal frå Bulandet. Han samla stoff til ny barnebok med den små bamsen sin som han fotograferte i mange situasjonar, var også innom barnehagen og skulen. Føremålet er å bruke Stongfjorden til si neste barnebok. Heile dagen gjekk med.

11. juni. Gunhild har drive eit bygdeutviklingsprosjekt. Ho hadde sankt saman representantar frå dei andre prosjekta her i fylket, samt repr. Frå Fylkesmannen. Malmfrid losa alle representantane rundt i bygda, og fortalde.

20. juli. Vi fekk vitjing av ein stor familie frå Sunndalsøra. Det var etterkomarar av Per og Dagmar Stubseid som måtte forlate Stongfjorden då industrien her tok slutt. Malmfrid samla dei i kantina, og fortalde om ettertida her.

27.mai. «Reiseliv i industriens vugge». Dette er ikkje eit tiltak som ligg under Stongfjorden Vel, men som har behov for kunnskapen om industribygda Stongfjorden. Prosjektet går over fleire industribygder på Vestlandet, og Roy Sævik deltek i dette. Dei hadde eit møte i kantina her den 27.mai, og Malmfrid vart beden om å fortelje om industrien i Stongfjorden. Roy vil fortelje vidare om kva dette prosjektet inneber.

Malmfrid Stang
- leiar -

Andre saker som vi har teke opp tidlegare, men som ikkje har gitt resultat:

Helleristningane i Staveneset:

Vi har tidlegare gitt uttrykk for å sanke hjelp til rydding der ute i samband med fylkeskommunen si vidare tilrettelegging. Det har ikkje lykkast for vidare arbeid med feltet. Årsaka er problem mellom fylkeskommunen og grunneigarar.

Trea langs kanalen:

I fjor vår tok vi opp saka om dei store trea langs kanalen som tykkjest vere falleferdige, og kan gjere skade på Baden. Det vart avklara at det er kommunen sitt ansvar. Ingen ting har skjedd. Malmfrid har på nytt purra på kommunen.

Kontorbygningen:

Vi sende i fjor ein søknad til Torodd Helle om å få tilgang til den gamle kontorbygningen. Den inneheld interessant historie. Har ikkje fått svar enno.

Skulearkivet:

Lasse Vie har teke opp med kommunen Stongfjorden skule sitt arkiv, om å få det plassert i skulehuset her. (Formelt skal det oppbevarast i kommunearkivet.) Lasse har fått positivt samtykke i saka.

Malmfrid Stang
-leiar-